

Referat frå styremøte i TSG på Bygdesentralen i Hjartdal 04.04.13

Dei som møtte: Jon Aslak Austjøre, Turid Opsund Mæland, Kirsti Sandland, Tor Isak Oxum
Sigmund Strand, Ann Kristin Teksle og sekr. Torhild F Sisjord

Sak 1/2013 Innkalling og sakliste godkjent utan merknader

Sak 2/2013 Referatsaker:

- Jon Aslak og Turid referera frå landsmøtet. Dokument frå landsmøte sendast styret i ettertid.
- Torhild orientera om tankar og planar for aktivitet i saueprosjektet inneverande år og 2014. Fylkeskommunen har løyvd økonomisk støtte for 2013 og 2014. Det gjev ro til å arbeide målretta framover.
- Vedlagt referat frå rovviltnemdas møte 8. mars
- Møte med Telemark Bondelag – innspel til jordbrukstingingane. Vedlegg til referatet.

Sak 3/2013 Konstituering av styret og fordeling av arbeid i styret og mellom styret/sekretær.

Leiar: Jon Aslak Austjøre

Nestleiar: Turid Opsund Mæland

Fordeling av ansvarsområde:

- Saueprosjekt og Saueavl: Jon Aslak Austjøre
- Web-ansvarleg, Gjetarhundkontakt og kursansvarleg :
Turid Opsund Mæland
- Geitekontakt og hovedansvarleg for aktivitetane på Dyrskuen:
Kirsti Sandland
- Beitebruk og leiar av Beiteutvalet: Sigmund Strand
- Turkomite: Ann Kristin Teksle, Tor Isak Oxum og for saueprosjektet
Torhild F Sisjord

Råd og Utval

Beiteutval

Leiar: Sigmund Strand

Olav Blikom

Knut Johan Hvistendal

Avlsutval

Leiar Jon Aslak Austjøre

Tor Einar Lid – ring 91

Håvard Jønnardalen – ring 96

Kari Tellefsen – ring 97

Sak 4/2013 Evaluering av årsmøte på Morgedal Hotel 23-24 februar 2013

- Bra opplegg for fagdelen av møte
- Slutten av februar var ok tidspunkt for møte
- Økonomi ok. Lotteri gjev eit bra tilskot.

- Alle som skal mota prisar, premiar eller andre utmerkingar må bli inviterte
- Kan tenke på ein form for presentasjon av årsmeldinga. T.d ein PP presentasjon
- Opne for val av møtedagar.

Sak 5/2013

Aktivitetar i 2013

- Dyrskun 2013, prøve og få til eit samarbeid med NSG sentralt om og markere småfeholdet. Det skal bli utarbeid roll-up etter mal frå Oppland/Hedemark.
Vervekampanje, me må ha ambisjonar om og auke medlemstalet. F.eks 350 til neste årsmøte. Utnytt potensiale for auke! Alle styremedlemmane må prøve å verve nye medlemmar. Alle lokallag skal oppmodast om å verve 2 nye medlemmar kvar. Vervebrosjyrer er å få tak i hjå sekretær.
- Klyppekurs bør gjennomførast om der er tilskotsmidlar i NSG.
- Det bør utarbeidast ei liste over tilgjengelege klypparar til informasjon på TSG sine nettsider.
- Ynskje om å arrangere seminkurs hausten 2013
- Utanlandstur
 - Finne egna tidspunkt i 2014
 - Turkomiteen arbeider vidare med forslag til reisemål og program
- Haustsamling 2 og 3 november 2014
Det er interesse for å gjenta grovførkurset som er gjennomført i saueprosjektet. Kursleiar Knut Volland.

Sak 6/2013

Arbeid innafor tema- Rovdyr

Styret fekk i oppdrag av årsmøte og sjå på muligheitene for å opprette eit fond (for eksempel på 2 kr pr. sleppte dyr) for å lønne eit jegerkorps.

Styret i TSG ser dette som problematisk og meiner det er rett at lokallaga står for denne type aktivitet.

Det er viktig å framsnakke nødvergeretten

Forvaltningsplanen for rovvilt i region 2 – Sør-Norge er ute til høring med frist 15. mai.

Det er viktig at alle fylka i region 2 er einige i uttalene.

Jon Aslak og Torhild møter på dialogmøte på Århus Gard, Skien 9 april.

Beiteutvalet i TSG vert kalla inn til møte der dei får i oppdrag å lage forslag til høringssvar. Dette utkastet vert sendt alle styremedlemmane i TSG for godkjenning og innsending.

Sak 7/2013

Eventuelt

Møte skal haldast på Bygdesentralen i Hjartdal med møtestart kl. 14.00

Møtedatoer i 2013: Torsdag 30 mai, Torsdag 29 august (Fellesmøte med Avslutvalet), Torsdag 17 oktober samt julestyremøte 12 desember.